

Fiskeridirektoratet
postmottak@fiskeridir.no

SAK 24/2020
REGULERING AV FISKET ETTER SILD I NORDSJØEN OG
SKAGERRAK I 2021
PELAGISK FORENING SITT HØYRINGSSVAR

Pelagisk Forening viser til reguleringsdokumentet.

Pelagisk Forening er einige i at fiskeridirektøren sitt forslag om at «*fisket etter sild i Nordsjøen og Skagerrak i 2021 i all hovudsak reguleres som inneværende reguleringsår.*»

Pelagisk Forening meiner òg at det er viktig at det blir satt ein norsk kvote, sjølv om det eventuelt ikkje skulle vera signert kvoteavtale med våre naboland. Dette slik at fisket kan starta 1. januar. Dette slik at fisket kan starta 1. januar, om ikkje gode strategiske forhandlingsomsyn tilsei-er anna.

Pelagisk Forening er òg einige i forslaget om at «*gjeldende kvotefleksibilitetsordninger over årsskiftet på totalkvoter, gruppekvoter og fartøykvoter i fisket etter sild i Nordsjøen og Skagerrak videreføres i 2021.*»

«*Fiskeridirektøren legger til grunn at adgangen til å fiske nordsjøsild i andre lands soner i 2021 fordeles mellom fartøygruppene basert på fartøygruppene andel av disponibel kvote i Nordsjøen. Dette er tilsvarende som for perioden 2013-2020.*» Pelagisk Forening er einig i dette.

Det er klart at det ikkje blir fiske etter loddar i Barentshavet i 2021. Forhåpentlegvis blir det loddefiske ved Island. For å få effektive fiskeri har det vore viktig med kvotebytteordningar, i desse fiskeria med låge fartøykvotor. Pelagisk Forening rår til at det blir kvotebytteordning òg for 2021. Gjerne etter tidlegare modellar, der loddar ved Island kunne bytast mot nordsjøsild.

Bergen, 4.11.20.

Ask Økland
Advokat

Mariann Frantsen
Dagleg leiar

